



Fitjar kommune,  
Postboks 83,  
5418 FITJAR

Vår dato:

25.06.2021

Vår ref:

2021/637

Dykkar dato:

11.01.2021

Dykkar ref:

20/461

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Fitjar kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Fitjar kommunestyre har i møtet 9. desember 2020 handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Det er viktig at kommunen arbeider for at det blir eit betre resultat i år enn det prognosene gir uttrykk for. Kommunen må arbeide med den målsetjinga at det blir netto driftsoverskot i år og dei komande åra.

Veksten i lånegjelda bør bli moderat i åra framover. Dette er viktig på bakgrunn av svake på-rekna netto driftsresultat i år og dei neste åra i planperioden.

Vi vil rá kommunen til å nytte netto driftsoverskot i planperioden til større driftsfinansiering av investeringar, i staden for å bygge opp disposisjonsfondet ytterlegare.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med kr  $7 \frac{1}{4}$  mill. Det utgjer 2,2 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 942.000,-. Det utgjer 0,3 prosent av drifts-inntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 95,4 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 207,0 mill. I den siste inntektsprognosene er sum frie inntekter kr 208,5 mill. Kompensasjon for koronapandemien inngår i denne prognosene.

Kommunen har gjort vedtak om eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Det er budsjettert med kr 20,6 mill. i eigedomsskatt for 2021. Prognose er i samsvar med dette. Innkomsten eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 17,7 mill. Auken i eigedomsskatt frå 2020 til 2021 skuldast retaksering.

Det er budsjettert med kr 4,3 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet. Kommunen fekk utbetalt om lag kr 9,8 mill. i 2020.

Det er budsjettert med kr 12,4 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 40,85 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 4,4 mill. Den største investeringa i år er i ny brannstasjon.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån. Dessutan blir dei finansierte med moms-kompensasjon m.m.

Det blir teke opp startlån til vidare utlån med kr 2,0 mill.

Det er budsjettert med eigenkapitalinnskot i KLP med kr 685.000,- og kjøp av aksjar med kr 3,0 mill. Aksjekjøp er i eit utviklingsselskap i kommunen. Eigenkapitalinnskot og kjøp av aksjar blir finansierte med bruk av ubundne investeringsfond.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er om lag kr 260 mill. Dette utgjer 79,5 prosent av sum driftsinntekter, eller om lag kr 82.600,- per innbyggjar.

## Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden 2021-2023 er det lagt opp til netto driftsoverskot frå 0,3 prosent til 0,7 prosent av driftsinntektene. For 2024 er det lagt opp til eit noko større netto driftsoverskot, 1,6 prosent av driftsinntektene.

Kommunen hadde ved utgangen av 2020 eit disposisjonsfond på kr 53,1 mill. Det utgjorde 16,2 prosent av driftsinntektene i 2020. I opphavleg vedtak om budsjett og økonomiplan var det lagt opp til avsetjing til disposisjonsfondet kvart av åra i økonomiplanperioden.

Det er planlagt relativt store investeringar i økonomiplanperioden. Dei største investeringane er i ny brannstasjon og barnehage. Sistnemnde investering er planlagt gjennomført i åra frå 2021 til



og med 2023. Det er også planlagt auka investeringar som oppfølging av Kommunedelplan for vatn og avlaup, vedteken av kommunestyret 30. september 2020.

Dei planlagde investeringane i økonomiplanperioden inneber at kommunen si lånegjeld kjem til å auke. Noko av gjeldsauken vil bli dekt av auka gebyrinntekter på vatn og avlaup.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal vere på minst 1,0 prosent av brutto driftsinntekter.
- Langsiktig gjeld skal ikkje vere meir enn 90 prosent av brutto driftsinntekter.
- Renteeksponeringsindikator. Denne skal ikkje vere høgare enn låg risiko, som er 0,2 prosent av brutto driftsinntekter.
- Arbeidskapital skal vere minst 17 prosent av brutto driftsinntekter.
- Fri eigenkapital skal vere minst 10 prosent av brutto driftsinntekter.

### **Statsforvaltaren sine vurderinger**

Kommunen fekk eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2020 med kr  $7 \frac{1}{4}$  mill. Det positive resultatet må bli sett i samanheng med koronapandemien som blant anna bidrog til lågare aktivitet og mindre driftsutgifter. Dessutan fekk kommunen ei relativt stor utbetaling frå Havbruksfondet i 2020, som blir betydeleg mindre i år. Overskotet i 2020 er difor ekstraordinært og skuldast i hovudsak koronapandemien og den høge utbetalinga frå Havbruksfondet.

Kommunestyret har gjort vedtak om revidert budsjett i møte 16. juni d.å. Det er no ei prognose for netto driftsunderskot i år på om lag -kr 3 mill., eller om lag -1 prosent av driftsinntektene. Netto driftsunderskot er i hovudsak planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. Det er viktig at kommunen arbeider for at det reelt blir eit vesentleg betre resultat i år enn det prognosene gir uttrykk for.

Kommunen har som eit måltal at netto driftsresultat skal vere på minst 1,0 prosent av brutto driftsinntekter. I opphavleg økonomiplan er det først for 2024 lagt opp til eit netto driftsoverskot som oppfyller dette måltalet. Grunnlaget for driftsbalansen i planperioden er no svekt etter den negative prognosene for årets resultat. Kommunen må arbeide med den målsetjinga at det blir netto driftsoverskot i år og dei komande åra.

Kommunen har som målsetjing at den langsiktige gjelda ikkje skal vere meir enn 90 prosent av brutto driftsinntekter. Den langsiktige lånegjelda vil kome over 90 prosent av brutto driftsinntekter allereie i 2022. Veksten i lånegjelda bør bli moderat i åra framover. Dette er viktig på bakgrunn av svake pårekna netto driftsresultat i år og dei neste åra i planperioden.



Kommunen hadde eit disposisjonsfond ved utgangen av 2020 på kr 53 mill., eller 16 prosent av driftsinntektene. Vi vurderer dette nivået på disposisjonsfondet som tilstrekkeleg stort, samanlikna med driftsinntektene i 2020. Vi vil difor rå kommunen til å nytte netto driftsoverskot til større driftsfinansiering av investeringar, i staden for å bygge opp disposisjonsfondet ytterlegare. Større driftsfinansiering av investeringane vil bidra til at behovet for lånepoptak blir mindre slik at gjeldsveksten blir dempa.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*